

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 21.03.2013

SAKLISTE

- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- SKULEBRUKSPANEN I SOGN OG FJORDANE. HØYRINGSUTTALE
- REGIONAL TRANSPORTPLAN FOR SOGN OG FJORDANE 2014-2023. INNSPEL FRÅ GULEN KOMMUNE
- OVERGREPSMOTTAK I SOGN OG FJORDANE - GODKJENNING AV ENDELEG ORDNING
- GODKJENNING AV REVIDERT PLANPROGRAM FOR RULLERING AV KOMMUNEPLAN FOR GULEN 2012-2024
- GODKJENNING AV PLANPROGRAM FOR TRAFIKKSIKKERHEITSPANEN GULEN KOMMUNE - REVIDERT VERSJON ETTER HØYRING
- SØKNAD FRÅ WERGELAND HALSVIK AS OM FORLENGING OG ENDRING AV LØYVE TIL DEPONERING OG HANDTERING AV RADIOAKTIVT AVFALL. UTTALE FRÅ GULEN KOMMUNE
- GBNR. 63/15 HALSVIK/SLØVÅG. LØYVE TIL TILTAK. ALEXELA SLØVÅG AS VIRKSOMHET ETTER FORURENSNINGSLOVEN - HØYRING
- BUDSJETT 2013 OG ØKONOMIPLAN 2013-2016 - OPPRETNING AV VEDTAK

Stad og tid: Dalsøyra samfunnshus kl 12.30.
Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no

Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.
Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordfører

Viktig informasjon til alle innbyggjarar i Gulen kommune

Gulen kommune vil frå **08.04.2013** vere med i legevaktsamarbeidet med Nordhordlandskommunane. Legevakta held til i Knarvik og er open dagleg mellom kl 15.30 og til kl 08.00 neste morgon, samt helge- og høgtidsdagar.

Telefonnummeret til Nordhordland legevakt er **56 35 10 03**. Eiga informasjonbrosjyre vil komme i postkassa mot slutten av månaden, sjå elles informasjon på vår heimeside.



VISNING nye tomter Hovden II bustadfelt

Utbygginga ligg litt etter tidsskjemaet grunna frost og tele, men tidspunkt for ferdigstilling nærmar seg med stormskritt!

Ordfører og rådmann vil invitere til VISNING i feltet ein laurdag eller søndag rundt månadsskiftet april/mai. Endeleg dato er ikkje fastsett enno, men interessentar kan fylgje med på www.gulen.kommune.no eller sende ein e-post til postmottak@gulen.kommune.no, så får de direkte melding om aktuell dato.

Nytt sjansen til å få omvisning og nyttig informasjon om området og kommunen. Vel møtt!!

Rådmannen

Gulen og Masfjorden Næringshage AS innstilt til opptak i SIVA sitt næringshageprogram

På tysdag 12. mars skal hovudutval for plan- og næring i Sogn og Fjordane vedta finansieringstilskotet til drift av Gulen og Masfjorden Næringshage AS på årleg kr 150.000. Hordaland fylkeskommune yter tilsvarande og SIVA med kr 600.000 per år.

Dette er eit svært flott og langsiktig program. Det gleder oss stort å få dette på plass etter fleire års søknadsarbeid, melder Torill Torsvik Størkersen i GMU. Næringshagen skal serve målbedrifter innan industri, service og havbruk, og i første omgang arbeide med kompetanseheving og internasjonalisering. For vidare næringsutvikling i Gulen og Masfjorden er dette eit svært viktig tiltak.



Gulen & Masfjorden Utvikling

Informasjon om husbanken

Husbanken har gjennom ulike ordningar for privatpersonar, mellom anna:

- Bustøtte
- Tilskot til etablering
- Tilskot til tilpassing av eigen bustad
- Startlån

Bustøtte skal bidra til å redusere buutgifter for husstandar med lav inntekt. Husbanken og kommunen samarbeidar om bustøtteordninga.

Kven kan søkje om bustøtte?

- Alle som er over 18 år kan søkje bustøtte med unntak av studentar utan born og personar i førstegangsteneste/sivilteneste
- Du kan også søkje dersom du er student og studiet ditt er et ledd i eit offentleg program for arbeidskvalifisering, til dømes yrkesretta attføring
- Hvis du er under 18 år og har eigne born, kan du òg søkje

Tilskot til etablering skal bidra til å skaffe eigna bustad for vanskelegstilte på bustadmarkedet. Tilskotet skal også sikre at vanskelegstilte kan bli buande i ein eigna bustad. Tilskot til etablering kan du søkje om i den kommunen du skal busetje deg i.

NB! Tilskot til etablering må ikkje forvekslast med kommunalt etableringstilskot.

Startlån er ei låneordning for dei som slit med å etablere seg på bustadmarknaden eller har vanskar med å bli buande i bustaden sin. Dette kan vere økonomisk vanskelegstilte husstandar, barnefamiljar, einslege forsørgjarar og flyktningar.

Du kan få **tilskot til tilpassing av eigen bustad** dersom du har nedsett funksjonsevne. Dette gjeld enkeltpersonar/husstandar med varig lav inntekt og som ikkje er i stand til å betene eit lån.

Korleis søkje?

Du finn meir informasjon om dei ulike ordningane på www.husbanken.no. Det er NAV Gulen som på vegne av kommunen tek imot og behandlar søknader om startlån, bustøtte og tilskot. Om du har spørsmål om ordningar kring Husbanken ta gjerne kontakt med sakshandsamar Maike Norman Bøe, maike.norman.boe@nav.no eller Astrid Lillejord, astrid.lillejord@nav.no

Vi kan òg nåast på tlf. 55 55 33 33.

Plan-nytt

Nærare informasjon finn du på heimesida www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt

I dag pågår 23 arealplanar, blant anna følgjande:

Kommunedelplan for trafikktrygging:
Godkjenning av planprogram i kommunestyret, planarbeid for planen pågår.

Kommuneplanen for Gulen kommune:
Godkjenning av planprogram i kommunestyret, Rullering av samfunnsdelen og arealdelen.

HUGS: Høyringsfrist 22. mars 2013

Strandsoneanalyse del 2 for Gulen pågår.
Gjeld områda for Sognefjorden, Sognesjøen, Nordgulfjorden, Austgulfjorden, Eidsfjorden og sone langs bygdesenter Brekke, Dalsøyra og Byrknes.

Andre gongs bygdemøter:
Brekke skule tysdag 19. mars kl. 18.00-19.30
Dalsøyra gymsal tysdag 16. april kl. 18.00-19.30

Byrknes gymsal tysdag 14. mai kl. 18:00-19:30

Eivindvik avsluttande møte om samfunnsdelen:
Gulasalen tysdag 4. juni kl. 18:00-20:00

Reguleringsplanar:

- * Revisjon av planforslag pågår
- Tuvika hyttefelt endring, gbnr. 83/4 mm
- Kvernevågen, næring og hyttefelt
- Tausevågen, Byrknes, båthotell, mm.

- * 1. gongs høyring og offentleg ettersyn:
- Randal hytter, gbnr. 86/3, endring

* Planarbeid pågår:

- Sollibotn industriområde
- Nappen hyttefelt, Mjømna
- Storevågsneset, Brandanger
- Veg til Kyrkjøyna, endring, Rutledal
- Åmdalsvik hyttegrennd, gbnr. 40/1, Nyborg
- Skipavika Næringspark, gbnr. 79/4, 33
- Fivelsdal 78/3, hytter
- Halsvik industriområde, rørhandteringsanlegg gbnr. 63/1 og 15

* Planarbeid starta opp:

- Alexela industriområde – Sløvåg sør – terminal med kai

6 planar ligg på vent hos planleggjar/tiltakshavar.

Bekymra og i tvil om kva du skal gjere? Snakk med KLAFF!

Har du bekymringar om eit eller fleire born si åtferd eller velferd – dine egne eller andre – som du synes det kan være godt å drøfte med fagfolk? Då kan du møte oss i KLAFF til ei samtale.

KLAFF er ei uformell tverrfagleg gruppe bestående av PPT, helsesøster og barnevernstenesta, der du – forelder, nabo, fritidsleiar eller lærar, gjerne anonymt og uforpliktande kan ta opp bekymringar for born du kjenner til. Nedanfor står datoar for våren 2013. Utover dette har KLAFF møte ved behov. Vi er tilgjengelege om det er noko du har lyst til å drøfte med oss. Ring helsesøster Hennie Lefdal (tlf. 979 75 760) for å be om ein avtale eller om du vil møtast på ein av skulane, ring henne seinast to veker før møtedato for å seie at du har noko å ta opp.

Møteplan klaff våren 2013:

4. mars – Dalsøyra skule kl 09.00-11.00
12. mars – Eivindvik skule kl 09.00-11.00
22. mars – Brekke skule kl 12.30-14.30
30. mars – Byrknes skule kl 12.00-14.00

Vårteljing av hjort på innmark i Gulen

Det vert gjennomført vårteljing av hjort 5. april, 19. april og 3. mai.

Teljinga føregår mellom kl. 23.00 og 02.00. I hovudsak føregår teljinga frå offentleg veg, men i nokre tilfelle vert det naudsynt å køyre på private vegar og kanskje inn på gardstunet for å sjå teigane frå bil. Håper grunneigar gjer dette mogeleg.

Felling hjort 2006-2012

År	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006
Tildelt totalt	760	755	710	638	603	516	481
Felt hannkalv	66	63	69	64	59	44	40
Felt hokalv	77	81	69	53	51	50	37
Felt hanndyr 1,5 år	138	118	86	99	103	84	62
Felt hodyr 1,5 år	101	121	110	86	99	81	74
Felt hanndyr eldre	98	143	145	122	100	94	89
Felt hodyr eldre	143	144	149	142	130	113	80
Felt totalt	623	670	628	566	542	466	382
Fellingsprosent	81,97	88,74	88,45	88,71	89,88	90,31	19,42

Vårrydding i Gulen

Laurdag 20. april: Byrknes, Brekke, Oppedal, Kringla, Gulen nord for tunnel v/Leversund bru, Leversund - Austgulen.

Laurdag 12. mai: Gulen sør for tunnel v/Leversund bru, Ynnesdalen, Masfjorden unnateke Andvik – Andås.

Sorter avfallet og set det ut før kl 07.00 der du vanlegvis set ut dunkane dine. Ver snill og fjerna ting som ligg lagra i nærleiken som ikkje skal hivast, så slepp me vera i tvil og kasta ting du har bruk for. Samle småting i øskjer.

Dette kan du levera på vårrydderutene:

- Metall (tomme 200 l spuns-/spennlokkfat skal leverast som metall)
- Klede
- Møblar
- Hageavfall
- Elektrisk og elektronisk (EE) avfall

Følgjande kan leverast ferdig lagt og surra på pallar (utan vert det ikkje tatt med):

- Isolerglas
- Eternitt/asbest (tett pakka i plast)
- Trykkimpregnert treverk (tilpassa pall)


Ver venleg å ikkje blanda avfall på pallen. Legg til dømes isolerglas og eternitt på kvar sin pall.

Dette kan du ikkje levera:

- Farleg avfall (sjå eigen rute for farleg avfall)
- Større mengder bygge- og rivingsmateriell
- Bilmotorar og bildekk
- Glas- og metallemballasje (eigne returpunkt)

(www.ngir.no)

Demensteamet i Gulen kommune
Tlf. 416 10 972 eller 957 02 551
frå måndag til fredag, kl.12.00- 16.00.



Aktivitetssenter

Det er sikkert mange som har lurt på kva for bygning som står ved parkeringsplassen ved Dalsøyra samfunnshus. Dette huset inneheld eit aktivitetssenter for ulike brukargrupper. Senteret er no tatt i bruk og vi har i første omgang opent kvar torsdag frå kl 08.30 til 15.30.

Denne dagen er spesielt retta mot menneske med særskilte behov. Meir info om senteret vil kome.

Om det er nokon som lurar på kva vi driv med, så er du velkommen innom for ein titt i opningstida.

Bjørg Johanne Haugland og
Hilde Bøe Vabø

Dette skjer i kyrkja

24. mars (Palmesøndag)

kl 11.00:

Gudsteneste i Byrknes kapell
Prest: Ingvard Hageberg



28. mars (Skjærtorsdag) kl 19.30:

Påskemåltid i Brekke kyrkje
Prest: Ragnar Waagbø

29. mars (Langfredag) kl 11.00:

Gudsteneste i Gulen kyrkje
Prest: Ragnar Waagbø

31. mars (Påskedag) kl 11.00:

Høgtidsgudsteneste i Gulen kyrkje
Prest: Ole D. Hagesæter

1. april (2. påskedag) kl 11.00:

Gudsteneste i Mjømna kyrkje
Prest: Ingvard Hageberg

1. april (2. påskedag) kl 15.00:

Gudsteneste i Brekke kyrkje
Prest: Geir Sørebo

7. april

Ikkje gudsteneste

14. april kl 11.00:

Gudsteneste i Gulen kyrkje
Scala brassband deltek

21. april kl 11.00:

Gudsteneste i Mjømna kyrkje

28. april kl 11.00:

Konfirmasjon i Brekke kyrkje
Prest: Marte Ottesen

5. mai kl. 11.00:

Konfirmasjon i Gulen kyrkje
Prest: Andreas Ester

9. mai (Kr. himmelfartsdag) kl. 11.00:

Gudsteneste i Brekke kyrkje

12. mai kl. 11.00:

Konfirmasjon i Mjømna kyrkje
Prest: Andreas Ester

17. mai (Grunnlovsdag) kl 11.00:

Festgudsteneste i Mjømna kyrkje

19. mai:

Friluftsgudsteneste ved Tusenårsstaden
Gulatinget. Felles familiegudsteneste for alle
sokna.

26. mai kl. 11.00:

Gudsteneste i Brekke kyrkje



*Det vert kunst, mat og husflidsmesse på
Oppdalsøyra 23. og 24. mars 2013. Her
kan ein også kjøpe betasuppe, rømmegraut, kaffi
og kaker. Billett for vaksne er kr 30,-. Born
går gratis. Vel møtt til Grendahuset
Gulatun!*

Oppringstider:

Laurdag 23. mars: 11.00-17.00

Sundag 24. mars: 12.00-17.00